

LØYSINGSFORSLAG – Test deg sjølv – 6 Rekneskapsanalyse

[Klikk her ...](#)

Læreboka side 252	1
Læreboka side 255	2
Læreboka side 259	2

Læreboka side 252

1 Kva er formålet med rekneskapsanalysen?

Formålet med ein rekneskapsanalyse er å kunne seie noko om den økonomiske stillinga og utviklinga til bedrifter.

2 Kvar hentar vi data til rekneskapsanalysen frå?

Data til rekneskapsanalysen hentar vi frå resultatrekneskapen og balansen.

3 Kva meiner vi med bransjetal, og kvar finn vi dei?

Bransjetal er nøkkeltal i rekneskapen frå bedrifter i same bransje. Ulike bransjeorganisasjonar kan gi slik informasjon.

4 Kva meiner vi med normtal i ein rekneskapsanalyse?

Normtal i ein rekneskapsanalyse er praktiske tommelfingerreglar.

5 Korleis er gangen i ein rekneskapsanalyse?

Gangen i ein rekneskapsanalyse er å innhente data, analysere dei og foreslå tiltak.

6 Kva meiner vi med rentabilitet?

Rentabilitet er avkastning i forhold til investert kapital.

7 Kva gir totalrentabiliteten uttrykk for?

Totalrentabiliteten gir uttrykk for resultat i forhold til totalkapitalen.

8 Kva er minimumskravet til totalrentabiliteten?

Generelt kan vi seie at totalrentabiliteten bør vere lik ei risikofri innskotsrente i bank pluss eit tillegg på 3 – 4 %, som representerer ein risikopremie. Kor mange prosent det bør vere, er avhengig av forretningsrisikoene. Minimumskravet til totalrentabilitet er at han bør vere er større enn innskotsrente + risikopremie.

9 Kva meiner vi med resultatgrad?

Resultatgraden er resultatet før skattar + finanskostnaden i prosent av driftsinntekta.

10 Kva meiner vi med omløpsfarten til kapitalen?

Omløpsfarten til kapitalen er driftsinntekta i forhold til gjennomsnittleg totalkapital.

Læreboka side 255

1 Kva meiner vi med finansiering?

Finansiering betyr å skaffe til veges kapital.

2 Kva kapitalkjelder snakkar vi om ved finansiering?

Eigenkapital og gjeld er kapitalkjeldene ved finansieringa.

3 Kva meiner vi med langsiktig kapital?

Langsiktig kapital er eigenkapital og langsiktig gjeld. Eigenkapital kan bedrifa disponere over på ubestemt tid. Langsiktig gjeld, som er gjeld med tilbakebetaling om meir enn eitt år, kan bedrifa disponere over frå 2 til 20 år.

4 Kva kjelder bør finansiere anleggsmidlar?

Anleggsmidlane bør vere finansierte av langsiktig kapital.

5 Kva meiner vi med arbeidskapital?

Arbeidskapital kan definerast på to måtar slik: Arbeidskapital er lik langsiktig kapital med frådrag for anleggsmidlar. Arbeidskapital er lik omløpsmidlar med frådrag for kortsiktig gjeld.

6 Nemn tre krav til sunn finansiering.

Tre krav til sunn finansiering er:

- Anleggsmidlane bør vere finansierte med langsiktig kapital
- Halvparten av varelageret bør finansierast med langsiktig kapital
- Eigenkapitalen bør utgjere minst 35 % av totalkapitalen.

Læreboka side 259

1 Kva er likviditet?

Likviditet er evna til å betale gjeld ved forfall.

2 Kva uttrykkjer likviditetsgrad 1?

Likviditetsgrad 1 er omløpsmidlar i forhold til kortsiktig gjeld

3 Kva uttrykkjer likviditetsgrad 2?

Likviditetsgrad 2 er omløpsmidlar – varelager i forhold til kortsiktig gjeld

4 Kva er forskjellen på likviditetstal 1 og likviditetstal 2?

Likviditetsgrad 1 bør vere større enn 2 dvs. at omløpsmidlane bør vere det dobbelte av kortsiktig gjeld. Det betyr at halvparten av omløpsmidlane bør finansierast av langsiktig kapital. Likviditetsgrad 2 bør vere større enn 1. Dei mest likvide omløpsmidlane bør vere lik kortsiktig gjeld.

Forskjellen er at likviditetsgrad 2 har trekt varelageret frå omløpsmidlane.

5 Kva er kravet til god likviditet?

Kravet til god likviditet er at likviditetsgrad 1 skal vere over 2 (200 %) og likviditetsgrad 2 skal vere over 1 (100 %).

6 Kva kan vere årsaker til dårlig likviditet?

Nokre årsaker til dårlig likviditet:

- Dårlig finansiering
- For høg gjeld (spesielt kortsiktig gjeld)
- Dårlege inkassorutinar
- For lang kredittid til kundane
- For låg kredittid frå leverandørane

7 Korleis kan ein styrkje likviditeten?

Likviditeten kan styrkjast ved å:

- Auke inntektene
- Redusere kostnadene
- Redusere kredittida til kundane
- Auke kredittida frå leverandørane
- Kjøpe inn oftare varer
- Betre inkassorutinane